

04.11.2014

Bli ein aktivetsvenn!

Helselagsleiar Selma er også ein pionar!

Bli ein aktivetsvenn!

Dette er den appell Nasjonalforeningen no går ut med og som leiar i helselaget i Uskedalen Selma Eik formidla under møtet i Gamleskolen ikveld. Ho slo fast at det er eit godt tiltak som fortener positiv respons. Men kva er det eigentleg?

Nasjonalforeningen formulerar seg slik:

- Det er enkelt å bli ein aktivetsvenn. Du treng berre å gjera det du likar saman med ein som har demens. Då er du med på å gje dei fleire gode opplevingar og gode dagar og noko hyggjeleg vert enda hyggjelegare.

Dei som vil melda seg og bli aktivetsvenner kan rekna med tilskot til kurs frå sentralt hald. Ellers rapporterte leiaren frå ein inspirasjonssamling og mykje av møtet handla om matkurs for skule-elevar.

Pjoning sto på programmet også i kveldens møte og viste ein liten auke i oppslutnaden sidan starten då det kom 5. Ikveld var det 7 som møtte fram. Og dei av desse som no ikkje la for dagen den heilt store interessa for hekleteknikken kjem nok etter??

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen